



Isabell Stensletten var ferdig utdanna jordmor frå universitetet i Tromsø i 2013.

**Isabell Stensletten frå Uskedalen er tilsett som jordmor i Bømlo kommune. Som sjukepleiarstudent i Lofoten fekk ho vera med på sin fyrste fødsel i 2003. Det var like magisk då som no. Isabell var ferdig utdanna jordmor frå Universitetet i Tromsø i juni 2013 og jobba seinare både som jordmor ved fødeavdeling og som kommunejordmor.**

Isabell Stensletten fortel til Uskedalen.no at ho alltid har hatt ei jordmorspire i magen. Ho trivst godt med kombinasjonsjobb. Etter at familien flytta til Kvinnherad frå Mosjøen, har Isabell hatt arbeidet sitt på føden på Stord, noko ho vil halda fram med i ekstravakter.



[Ein viktig del av jobben hennar er å fylgja opp gravide og førebu dei på fødselen.](#)

Jobben på Bømlo er ein 80 % stilling som kommunejordmor. Bømlo er kjend for å ha ei god jordmorteneste. Jobben vert å fylgja opp gravide under graviditeten og førebu den fødande til sjølv fødselen og til tida etterpå. Då vert det heimebesøk, sjølv om dette ikkje er aktuelt no i desse koronatider.

Bømlo har spiralrom der ein set inn p-stav og legg inn spiral på kvinner som har fødd eller på ungdom som kjem til helsestasjonen. Det er ein spennande arbeidsdag. I denne tida med Covid 19 må jordmora fylgja strenge smittereglar, noko alle er gode på, av alle ho har møtt på desse vekene.

Isabell presiserer at ho er heldig som får jobba som jordmor. Det er meir enn ein jobb. Ho ER ei jordmor. Ho har fått ei god mottaking på Bømlo med blomehelsing og gode helsingar.

Tekst/ nett: Kristian Bringedal

Foto: Privat